

Hareid Vilt og innlandsfiskenemnd vedtek å sende plana slik den ligg føre på høyring til valda i kommunen. Høyringsfrist 16. februar 2009.

Margaret Hennum la fram slikt framlegg til Målsetjing og ramer for hjorteviltforvaltinga i Hareid kommune:

# Målsetjing og ramer for hjorteviltforvaltinga i Hareid kommune.

## Innleiing

Hjorteviltet i Hareid er ein ressurs for både grunneigarar/jaktrettshavarar, jegerar og innbyggjarar elles. Men det påfører oss òg skadebeiting på eng og i hagar, og er ein trafikkfare ved kryssing av vegbaner. Ei for stor stamme kan jamvel skape ubalanse i biotopane, noko det no vert rapportert om frå enkelte andre kommunar.

Jakt er den klart største regulatoren av hjortebestanden. Det er ei sentral målsetjing at mest mogleg av forvaltinga skal skje på lokalt plan. I dette ligg både den omlegginga som førde til at kommunane vart ein del av den offentlege viltforvaltinga, og at jaktrettshavarane vart oppmoda om å ta større del i forvaltinga. Dei siste åra har kommunen difor oppmoda grunneigarane om å gå saman i større vald og å lage bestandsplanar. Kommunen har ansvar for å forme klare målsetjingar som skal leggjast til grunn for både utforminga og den politiske handsaminga av planane.

## Område

I Hareid kommune er teljande areal 61202 da.

Arealoversikt over valda:

| Nr | Namn              | Teljande areal |
|----|-------------------|----------------|
| 1  | Brandal           | 8890 dekar     |
| 2  | Hareidsdalen      | 23520 dekar    |
| 3  | Hovden-Mork-Neset | 7550 dekar     |
| 4  | SKAU              | 9367 dekar     |
| 5  | Hjørungavåg       | 10305 dekar    |
| 6  | Pilskog           | 730 dekar      |
| 7  | Overå             | 840 dekar      |

## Hjortestamma i Hareid

### FELLINGSSTATISTIKK FOR HJORT 1993 - 2008

Teljande areal for Hareid kommune: 61202 da

| År   | Kalv | Hoddyr |       |      | Kalv | Hanndyr |       |      | Sum  | Sum  | Kvote |
|------|------|--------|-------|------|------|---------|-------|------|------|------|-------|
|      |      | 1,5 år | Eldre | Sum  |      | 1,5 år  | Eldre | Sum  |      |      |       |
| 1993 | 13   | 9      | 18    | 40   | 12   | 22      | 25    | 59   | 99   | 122  |       |
| 1994 | 13   | 13     | 31    | 57   | 28   | 26      | 29    | 83   | 140  | 174  |       |
| 1995 | 22   | 7      | 38    | 67   | 25   | 33      | 27    | 85   | 152  | 175  |       |
| 1996 | 14   | 16     | 38    | 68   | 18   | 41      | 26    | 85   | 153  | 171  |       |
| 1997 | 21   | 25     | 62    | 108  | 29   | 35      | 25    | 89   | 197  | 211  |       |
| 1998 | 18   | 32     | 55    | 105  | 41   | 36      | 32    | 109  | 214  | 234  |       |
| 1999 | 23   | 23     | 45    | 91   | 29   | 38      | 26    | 93   | 184  | 213  |       |
| 2000 | 31   | 24     | 44    | 99   | 19   | 39      | 38    | 96   | 195  | 224  |       |
| 2001 | 30   | 28     | 59    | 117  | 25   | 21      | 40    | 86   | 203  | 270  |       |
| 2002 | 31   | 20     | 65    | 116  | 31   | 19      | 34    | 84   | 200  | 239  |       |
| 2003 | 26   | 29     | 47    | 102  | 34   | 26      | 38    | 98   | 200  | 231  |       |
| 2004 | 17   | 22     | 45    | 84   | 40   | 22      | 39    | 101  | 185  | 226  |       |
| 2005 | 19   | 21     | 40    | 80   | 18   | 26      | 20    | 64   | 144  | 213  |       |
| 2006 | 16   | 9      | 19    | 44   | 25   | 26      | 24    | 75   | 119  | 144  |       |
| 2007 | 18   | 17     | 24    | 59   | 29   | 20      | 29    | 78   | 137  | 145  |       |
| 2008 | 20   | 17     | 20    | 57   | 24   | 19      | 30    | 73   | 130  | 145  |       |
| SUM  | 332  | 312    | 650   | 1294 | 427  | 449     | 482   | 1358 | 2652 | 3137 |       |

### Oversikt over vår teljingar

#### HJORTETELLING 1998 – 2008

##### 1. TELLING

| Kommune  | 1998<br>20.04 | 1999<br>18.04 | 2000<br>16.04 | 2001<br>22.04 | 2002<br>21.04 | 2003<br>26.04 | 2004<br>18.04 | 2005<br>16.04 | 2006<br>22.04 | 2007<br>20.04 | 2008<br>20.04 | 2009 | 2010 |
|----------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|------|------|
| Vanylven | -             | -             | -             | -             | 759           | 508           | 895           | 1016          | 870           | 925           | 962           |      |      |
| Sande    | -             | 211           | 201           | 234           | 102           | 113           | 96            | 134           | 145           | 158           | 146           |      |      |
| Herøy    | -             | 77            | 67            | 113           | 74            | 54            | 56            | 62            | 52            | 90            | 73            |      |      |
| Ulstein  | -             | 130           | 78            | 181           | 55            | 74            | 73            | 89            | 79            | 68            | 101           |      |      |
| Hareid   | -             | 207           | 286           | 290           | 138           | 104           | 135           | 155           | 142           | 154           | 172           |      |      |
| Volda    | 475           | 807           | 745           | 724           | 590           | 476           | 752           | 1101          | 784           | 731           | 1102          |      |      |
| Ørsta    | -             | -             | 652           | 1019          | 722           | 570           | 823           | 914           | 879           | 660           | 1372          |      |      |
| SUM      | 475           | 1432          | 2029          | 2561          | 2440          | 1899          | 2830          | 3437          | 2901          | 2786          | 3928          |      |      |

## 2. TELLING

| Kommune  | 1998<br>01.05 | 1999<br>02.05 | 2000<br>30.04 | 2001<br>01.05 | 2002<br>01.05 | 2003<br>03.05 | 2004<br>02.05 | 2005<br>30.04 | 2006<br>06.05 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|----------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|------|------|------|------|
| Vanylven | 478           | -             | -             | 815           | 671           | 482           | 585           | 733           | 720           | 673  | 634  |      |      |
| Sande    | 164           | 195           | 179           | 213           | 95            | 93            | 83            | 139           | 93            | 159  | 98   |      |      |
| Herøy    | 109           | 104           | -             | 90            | 57            | 46            | 66            | 74            | 80            | 64   | 59   |      |      |
| Ulstein  | 88            | 85            | 104           | 111           | 77            | 64            | 69            | 44            | 25            | 53   | 62   |      |      |
| Hareid   | 165           | 149           | -             | 230           | 133           | 82            | 98            | 72            | 158           | 95   | 118  |      |      |
| Volda    | 500           | -             | 886           | 847           | 460           | 388           | 433           | 681           | 618           | 716  | 676  |      |      |
| Ørsta    | 566           | -             | -             | 903           | 543           | 396           | 583           | 737           | 566           | 721  | 936  |      |      |
| SUM      | 2067          | 533           | 1169          | 3209          | 2036          | 1551          | 1917          | 2480          | 2260          | 2481 | 2583 |      |      |

### Oversikt over påkøyrd dyr

Melde påkjørslar i 2008 er 3. Påkjørslane var i tidromma august – desember.

#### Beite

Hjorten beiter for det meste gras, lauv og urter sommartid og utover hausten. Om vinteren ernærer han seg på ulike lyngartar, særleg blåbærlyng, og når snøen dekkjer bakken, finn han eine, lav og kvist av både lauv- og bartre. Hjorten søker seg også til ulike innmarksareal, då særleg om våren i tida fram til kalvinga.

Det er innmeldt frå 3 grunneigarar med beite skadar på eng og skog til landbrukskontoret i 2008.

#### Mål

Hareid kommune skal ha ei sunn og berekraftig hjortestamme, og storleiken på stamma skal ikkje vere høgare enn at beiteskader og påkøyrsler er på eit akseptabelt nivå.

Storleiken på stamma bør stabiliserast på 2008-nivå. Kjønns- og alderfordelinga bør stabiliserast på 2008-nivå.

#### Tiltak for å nå målet

Kommunen oppmodar valda til å organisere seg i vald med storleik som gjer forvaltinga best mogleg, gjerne over kommunegrensene der dette er naturleg.

Valda vert oppmoda til å lage bestandsplanar. Gjeldande minsteareal for kommunen er 350 da pr dyr. Kommunen kan, etter forskriftene, godkjenne å avvike minstearealet med inntil 50 %. Dersom avvik vert innarbeidd i bestandsplanen, må dette grunngjenvæst. Kommunen (viltnemnda) kan avslå slikt avvik dersom ein finn det i strid med målsettinga for forvaltinga i kommunen. Ved ynskje om avvik frå minstearealet, kan valdet søkje om dette før utarbeiding av bestandsplan; dette for å lette planarbeidet.

Dei kommunale ramane for avskyting er fylgjande:

Kolle 25 – 40 %

Bukk 25 – 40 %

Kalv 25 – 40 %

Minimum 30 % av kollene skal vere yngre koller eller dyr med vekt mindre enn 50 kg.

Minimum 30 % av bukkane skal vere spissbukkar.

Innanfor planperioden er det høve til opptil 30 % avvik frå planen med tanke på kjønns- og aldersfordeling. Når planperioden er slutt, skal eit eventuelt avvik vere innanfor +/- 10 %.

## **Bestandsplanar**

Bestandsplanane skal opplyse om:

1. Kva område planen gjeld for. .
2. Planperiode.
3. Målsetjing for bestandsutviklinga.
4. Talfesting av planlagd årleg uttak, både i alder og kjønn

Dersom bestanden endrar seg vesentleg i planperioden, eller det kan påvisast vesentlege avvik frå planen, kan kommunen seie han opp i planperioden, etter § 14 i forskriftene. Ei slik oppseiing kan påklagast med medhald i Forvaltningslova.

**Utkastet vert sendt ut til høyring til alle valda med frist for tilbakemelding 16. februar 2009.**

Administrasjonen sitt framlegg blei satt opp mot Margaret Hennum sitt framlegg.

### **Samrøystes vedtak:**

Framlegget frå Margaret Hennum blei samrøystes vedteke.